

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

19 87

Namnet på vatnet Svanevatnet

Kommune Eigersund

Fetlarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/Einar Berg etter oppdrag frå fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen i fylket.


S V A N E V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 4. sept. 1987.


Vatnet vart prøvefiska den 22. aug. 1986 og var då fisketomt. Dette skuldast sur nedbør, skrint nedslagsfelt og dårlege gytetilhøve. Det vart tilrådd å kalke vatnet, for dermed å nøytralisere surheita og gi levelege vilkår for fisken. Seinhaustes 1986 vart det foreteke kalking både frå båt og helikopter. Etter det vi har fått opplyst, dreiar det seg om 4-5 tonn kalk som vart spreid ut.

Straks etter kalkinga vart det sett ut omlag 1 000 aure. Ca. 500 av desse kom frå Forskningsstasjonen for ferskvannsfisk på Ims og var fóra fisk i storleik 3-500 gram. I tillegg kjem så ca. 400 setjefisk (12-15 cm) frå Vest-Agder.

For å sjå resultatet av denne fiskeutsetjinga vart så dette prøvefisket foreteke. Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt var 50 aurar. Fordeler vi fangsten på garnomfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Vi har på neste side sett opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar og som vi her vil sjå er det store variasjonar i fiskestorleiken.



Av den samla fangsten på 50 aurar så synte desse at 27 stk. var merka ved at 1 bukfinne var avklippt, 12 stk. var umerka, 9 stk. hadde 1 brystfinne avklippt og 2 stk. hadde begge brystfinner avklippt. Ein har ikkje kjennskap til kva tid denne merkinga har vorte foreteken og kva dei ymse merker refererar seg til.

Det vart teke prøver av 24 aurar og av desse var 11 røde og 13 lys-røde i fiskekjøttet.

Det vart ikkje funne parasittar i nokon av fiskane.

13 stk var hanfisk og 11 stk. hofisk.

Medelvekta av alle fiskane var 276 gram. Største fisken var 680 gram og 430 mm. Kondisjonsfaktoren for denne fisken 0.85 som tilseier mager, langstrakt fisk.

Det har lite for seg å setja opp nokon vekstkurve for auren i Svanevatnet i dette høvet.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at den utførte kalkinga har hatt god effekt og at fiskeutsetjinga har vore vellukka.

Det utsette fisketalet synes å vera i største laget og serleg sidan ca. 500 stk. av fiskane var svært store til setjefisk å vera. Sjølv om den utførte kalkinga har nøytralisert surheita, så er vatnet framleis næringsfattig og den store fisken vil vanskeleg kunna finna mat nok. Det synte seg at fisken ved gjenfangst var svært mager og likna mykje på "vinterstøing". K-faktoren for mange av desse fiskane var 0.80-0.85 som tilseier mager fisk.

Den meir ordinære setjefisken (12-15 cm) hadde langt betre kondisjonsfaktor (0.95-1.00) og var såleis betre tilpassa næringsforrådet.

På sikt vil oppkalkinga av vatnet føre til ein rikare flora og fauna, men det vil gå nokre år før dette gir seg utslag.

Praktiske tiltak.

Kalkinga av vatnet må halda fram i den utstrekning dette er naudsynt. Ved å ta nokre pH-målingar gjennom året vil ein kunna sjå korleis tilhøva er.

Det er mogeleg at den betra vasskvaliteten vil føre til ei viss gyting og rekruttering. Om så bli tilfelle, må utsetjinga av fisk avgrensast. Eit høvande utsetjingstal skulle vera omlag 500 setjefisk pr. år utan naturleg tilgang. Fiskekvaliteten (K-faktoren) vil som regel vera ein god indikator på vatnet si bæreemne.

Førebels må alt fiske føregå med stang og mot løysing av fiskekort. Etter nokre år kan det drivast fiske med stor-maskagarn for å nyttiggjera seg den større fisken. Innkomene av kortsalet må gå til vidare kultiveringsarbeid.

Det er gildt å kunna konstantera at fisken er tilbake i Svanevatnet og ved å halda fram med kultiveringsarbeidet skulle det vera god von om å halda eit fiskebestand i vatnet også i åra framover.

Lukke til med arbeidet.

Stavanger 6/5-88

Einar Berg